

-korleis det gode så lett tek plassen til Den Gode

Under andre verdskrigen var kaffi sjeldan vare, og kaffi-erstatninga som var å få tak i var basert på løvetann og erter. Ingen som hadde smakt ekte kaffi føretrakk erstatninga. Likevel gjekk det ned, det var jo trass alt det nest beste, var det ikkje?

Vi les i Bibelen og syng rett som det er i songar at Gud skapte oss for at vi skulle vere nært knytt til han, og at det er det beste for oss. Men vi har så utruleg lett for å knyte våre håp, vår verdi og vår identitet til eitt eller anna som vi løftar opp og gjer til det viktigaste i livet vårt.

I denne serien vil vi prøve å avsløre korleis ting som egentleg er gode i seg sjølv kan bli guds-erstatningar. Kvifor ta til takke med det nest beste, erstatninga, når den ekte livgjevande varen er gratis tilgjengeleg for alle?

#### litt om tema

Mange av avgudane vi har sett på i denne serien kan vi kanskje nikke i møte med og tenkje at «det var ei interessant vinkling» og vere middels samde eller usamde i det som blir sagt om dei.

Men når vi rører borti velstanden og den makta pengane har over oss, då kjenner vi at vi kjem borti noko som sit djupt i oss, noko som ikkje gir seg utan motstand. Mammon er ein avgud som ikkje gir seg utan ein fight.


Paulus gjorde stor suksess i Efesos, og blei kjend som litt av ein mirakelmann. Men då folk begynte å bli så forvandla av bodskapen hans at dei slutta å bruke pengar på svartekunstar og sølvamulettar, då var det ikkje lenger greitt for dei som hadde andre folks håp om hjelp frå avgudane som sitt levebrød.

Nokon av oss er brende av kombinasjonen kristendom og pengemas. Men hovudgrunnen til at mange av oss reagerer på dette er at til og med om vi vil gi Gud «alt», så håpar vi å få ha lommeboka i fred for Han som har gitt oss alt.

# VELSTAND OG MOTSTAND

Les teksta

Apg 19, v. 18-32



Bibel

#### -vegleiande spørsmål:

Kva var det svartekunstarane og sølv-medane i Efesos tente pengar på? Kven kom inntekta deira frå?

Kvifor trur du sølvmedane kjende seg truga av evangeliet?



Fellesskap

#### -den ærlege samtalen

- Har du døme frå bøker, film, seriar eller liknande på nokon som ser ut til å ha eit usunt forhold til pengar?
- Er det nokre måtar å tene pengar på som ikkje er OK for kristne i dag?
- Kan du kjenne igjen i eige liv at «velstandsavguden» gjer motstand mot det du finn i evangeliet?

#### - gjennom deg og vidare



Misjon

Korleis kan ditt forhold til pengar, inntekt og forbruk fortelje andre noko om kven du elskar, stolar på og tenar?



Raushet

#### - takksam deling

I det gamle testamentet var jødane pålagde å gi 10% tilbake til Gud gjennom tempelet. Det nye testamentet fastset ikkje ein slik prosentdel for kristne. Men har vi meir eller mindre innsikt i Guds vesen enn dei hadde i GT? Har vi fått meir eller mindre nåde? Fortel kvarandre kva de gir til (kor mykje og kor ofte de gir kan de ha for dykk sjølv.)

"Ingen naturlege kjensler er opphøgde eller låge, heilage eller ugudelege i seg sjølv. Dei er alle heilage når Guds hand har styringa. Dei vert alle forderva når dei riv seg laus og gjer seg sjølv til avgudar".

-C.S. Lewis,  
*Den store skilsmissa (1944)*



Bøn

#### - takk, bøn og forbøn

- Be om at pengane ikkje skal få vere sjef i liva våre, men at dei skal få vere med og tene Gud saman med resten av det vi er og har.
- Be for dei prosjekta eller organisasjonane som de gir pengar til.
- Del bøneemne og be gjerne for kvarandre eller for andre personar.

Måten vi veks på som kristne er å lære oss å skilje ut kva som er Guds tale til oss og så handle på det. Av alle samtalaner, tekstane og bønene i dag: Kva har blitt ståande som viktigast? Under kan du skrive kva det er, og kva slags respons du vil gje dette. Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

Kva hørde eg?

Kva gjer eg med det?



-korleis det gode så lett tek plassen til Den Gode